

# Utviklingsplan



**Kleppe skule**

**2022-2023**

Revidert 20.09.2022

## Innhold

<b>INNHALD .....</b>	<b>2</b>
<b>INNLEIING.....</b>	<b>3</b>
<b>OVERORDNA MÅL.....</b>	<b>3</b>
SEKTORMÅL FOR GRUNNOPPLÆRINGA.....	3
OVERORDNA DEL AV LÆREPLANEN.....	4
<b>UTVIKLINGSOMRÅDE 2021-2022.....</b>	<b>5</b>
VURDERING AV UTVIKLINGSOMRÅDA.....	5
<b>UTVIKLINGSOMRÅDE 2022-2023.....</b>	<b>6</b>
<b>MÅL OG TILTAK 2022-2023.....</b>	<b>6</b>

## Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører vi som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for god involvering av foreldra. Vi får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eitt godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva vi som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva vi som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som vi vil jobba mot.

Utviklingsplanen seier noko om dei overordna målsettingane for skulen. Kva utviklingsområde vi hadde førre år, og kort om kva som har kome fram av ulike evalueringar undervegs. Det vil kort verta gjort greie for kva vurderingar som er gjort i prosessar med personalet og elevane for å koma fram til om det er behov for vidareføring av utviklingsområde, eller nye utviklingsområde. I siste delen er utviklingsområda knytt til læringsmiljø og læringsresultat sett inn i ein tabell med mål, tiltak og korleis desse skal evaluerast.

## Overordna mål


### Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

## Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringa

Det er ein raud tråd frå desse måla og til Kleppe skule sin Utviklingsplan.

Visjonen vår er **Saman om ein god start**.

Verdiane den byggjer på er **meistring, inkludering** og det å vere **framtidiretta**.

For oss på Kleppe skule betyr det at eleven skal oppleve meistring i ein inkluderande skule slik at den enkelte elev skal bli rusta til å møte framtida.

Logoen for Kleppe skule viser visjonen vår og verdiane våre.



## Utviklingsområde 2021-2022

Følgjande var utviklingsområde skuleåret 2021-2022:

- Fagfornyinga
- Sosial kompetanse

### Vurdering av utviklingsområda

I ulike prosessar med personalet, elevane og foreldra kom det fram at vi har kome langt i arbeidet med *Sosial kompetanse*, evalueringane viser at dei fleste av måla er oppnådde. Det er likevel nokre områder vi vil arbeide vidare med. Inkluderingsarbeidet er viktig og noko vi vil halde fram med, her vil vi framover ha særleg fokus på inkludering av fleirkulturelle og korleis vi betre kan inkludere alle elevane i læringsarbeidet. I arbeidet med *Fagfornyinga* har vi ikkje kome så langt som måla frå 2020 sa, dette skyldast i hovudsak at pandemien tok mykje tid vekk frå utviklingsarbeidet. Vi har kome eitt stykke, men har fleire områder vi vil arbeide meir med for at læreplanverket skal vere heilt implementert.

Læringsresultata våre viser at dei er ganske stabile på gjennomsnittet. Noko litt over, noko litt under, vi vil arbeide for å heve resultata, spesielt i lesing. Læringsmiljøet er godt på skulen, men elevundersøkinga viser at elevane er mindre motiverte enn før og dei scorer litt dårlegare på trivsel. Tala på mobbing er stabile og relativt låge, men vi arbeider for null mobbing, så dette er eit område som vil ha høgt fokus framover og. Foreldreundersøkinga viser jamne gode resultat.

Med utgangspunkt i desse prosessane og det som kjem fram av kunnskapsgrunlaget vårt er det vurdert at det er behov for vidare arbeid med Fagfornyinga. Inkludering vil vere ei viktig del av utviklingsarbeidet framover, dette vil inngå i fleire av delmåla. I tillegg vil utviklingsarbeidet ha fokus på implementering av ny kommunal Språkplan og Kleppmodellen.

## Utviklingsområde 2022-2023

Følgjande er utviklingsområde i 2022-23: **Fagfornyinga**

- *Identitet og kulturelt mangfald*
- *Skaparglede, engasjement og utforskartrang.*

## Mål og tiltak 2022-2023

IMPLEMENTERING AV FAGFORNYINGA		
<b>Mål:</b>	Identitet og kulturelt mangfald	Skaparglede, engasjement og utforskartrang
<b>Delmål:</b>	Styrke Kleppe skule-fellesskapet. Kleppe-kulturen	Elevane er aktive i eiga læring
	Vi har ein tydeleg profil som viser at vi er ein fleirkulturell skule	Elevane er meir motiverte for læring
<b>Tiltak:</b>	Språkstasjonen tydelegare inn i Elevrådsarbeidet	Fokus på elevmedverknad i klasserommet
	Markering av Internasjonal morsmålsdag 21.februar	Fokus på skaparglede, idèmyldring og engasjement
	Flex-ID for elevar, tilsette og ev føresette.	Nettverk/samlingar for praktisk -estetiske fag
	Fellessamlingar med fokus på fellesskap, sosial kompetanse og Kleppe skule-kultur	Kompetanseheving i personalet på koding og algoritmisk tenking
	Vårt lokalområde viser igjen i undervisning	Kritisk tenking er ein del av undervisninga
	Godt system på arbeid med sosial kompetanse	
	Alle kjenner plan for trygt og inkluderande læringsmiljø	
<b>Evaluering</b>	Gjennom heile året i utviklingsgruppa, halvårsevalueringar i personalet og Elevrådsstyret	Gjennom heile året i utviklingsgruppa, halvårsevalueringar i personalet og Elevrådsstyret

